

KOMMISJONSDIREKTIV 2004/111/EF

2008/EØS/23/09

av 9. desember 2004

om femte tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 94/55/EF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om veitransport av farlig gods(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 94/55/EF av 21. november 1994 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om veitransport av farlig gods⁽¹⁾, særleg artikkel 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Vedlegg A og B til direktiv 94/55/EF viser til vedlegg A og B til den europeiske avtala om internasjonal vegtransport av farleg gods (ADR), slik dei gjeld frå 1. juli 2003.
- 2) ADR vert ajourført annakvart år. Følgjeleg tek ei endra utgåve til å gjelde 1. januar 2005, med ein overgangsperiode som går ut 30. juni 2005.
- 3) Det er difor naudsynt å endre vedlegg A og B til direktiv 94/55/EF.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegnen frå Utvalet for transport av farleg gods, som er nemnt i artikkel 9 i direktiv 94/55/EF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I vedlegg A og B til direktiv 94/55/EF vert det gjort følgjande endringar:

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 365 av 10.12.2004, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 83/2005 av 10. juni 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 52 av 13.10.2005, s. 9.

⁽¹⁾ TEF L 319 av 12.12.1994, s. 7. Direktivet sist endra ved kommisjonsdirektiv 2003/28/EF (TEU L 90 av 8.4.2003, s. 45).

1. Vedlegg A skal lyde:

«Bestemmelsene i vedlegg A til Den europeiske avtale om internasjonal veitransport av farlig gods (ADR), slik de får anvendelse fra 1. januar 2005, idet «avtalepart» erstattes med «medlemsstat».

Endringene i 2005-utgaven av vedlegg A til ADR vil bli kunngjort så snart teksten foreligger på alle Fellesskapets offisielle språk.»

2. Vedlegg B skal lyde:

«Bestemmelsene i vedlegg B til Den europeiske avtale om internasjonal veitransport av farlig gods (ADR), slik de får anvendelse fra 1. januar 2005, idet «avtalepart» erstattes med «medlemsstat».

Endringene i 2005-utgaven av vedlegg B til ADR vil bli kunngjort så snart teksten foreligger på alle Fellesskapets offisielle språk.»

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 1. juli 2005 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommissjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell mellom desse føresegnene og dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 9. desember 2004.

For Kommisjonen
Jacques BARROT
Medlem av Kommisjonen
